



Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 08.01.2016  
Vår ref.: 2015/12588-2  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.: 15/2250 - 15/14737

## **Kulturminnefagleg fråsegn - trong for arkeologisk registrering - gnr. 14, bnr. 17 - Soltveit - nye grunneigedomar for bustad og tilleggsjord - dispensasjon frå arealføremål LNF - Radøy kommune**

Viser til brev datert 11.12.2015 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt innan kulturminnevern.

Soltveit er svært rik på automatisk freda kulturminne, særleg frå steinalder og jernalder. Det ligg ein automatisk freda buplass frå steinalder med Askeladden id. 90937 på bnr. 12, tett mot eigedomsgrense mot bnr. 17, der det er omsøkt to bustadteigar. Med bakgrunn i kjennskap til funn og kulturminne i nærområdet kan ein forvente nye funn av automatisk freda kulturminne innanfor det aktuelle området. Det er difor naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjera om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, jf. § 3 i kulturminnelova.

Registreringa vert utført ved maskinell flateavdekking, prøvestikking med spade og søk etter synlege kulturminne. Ved maskinell flateavdekking fjernar gravemaskin matjordlaget i søkesjakter på om lag 2-3 m breidde. Lengda og djupne vil variere etter undergrunnstilhøve, mikrotopografi og praktiske høve. All jordmasse vil bli ført tilbake. Ved prøvestikking grev ein ned til berg eller steril undergrunnsmasse. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm store og vert lagt igjen når arbeidet er utført.

Sidan tiltaket er eit mindre privat tiltak dekker Hordaland fylkeskommune kostnadene ved ei slik registrering.

David J. Aasen Sandved  
Kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*